



Nattverdbøner utanfor hovudgudstenesta

1. Desse nattverdbønene blir brukte ved nattverdfeiring utanfor hovudgudstenesta, viss ikkje ei av hovudgudstenesta sine nattverdbøner vert nytta. Forrettande liturg avgjer kva bønn som blir brukt i den aktuelle samanhengen.
2. Det er fem nattverdbøner i denne ordninga. Fire er ferdig utskrivne og ei er eit oppsett til struktur. Dei fire som er ferdig utskrivne kan brukast som dei er. Oppsettet til struktur er eit utgangspunkt for den som ønskjer å tilpasse nattverdbøna til ein spesiell samanheng. Rettleiinga gir føringar for korleis dette blir gjort.

Nattverdbøna som heilskap skal innehalde:

- Lovprising
 - Påkalling av Den heilage ande, epiklese
 - Innstiftingsorda, verba
 - Fadervår
 - Utdeling
 - Tilsingsord og takkebøn
3. Når det er mogleg, kan ein eller fleire medliturger ta del i nattverdbøna.

I. Nattverdbøn – utskrivne versjonar

Alternativ 1 – (kvardagsmesser/kveldsmesser)

1 | Innleiing

Ein kan flytta heile eller delar av denne innleiinga til gudstenesta sin start.

ML/L | [Nåde og fred vere med dykk!]

Vi samlast til nattverd.

Vi skal nærme oss Guds heilage løyndom, Guds kjærleik og kraft.

Vi skal minnast Jesu fellesskap med disiplane sine kvelden før han døydde, og vi vil ta del i dette fellesskapet med han og med kvarandre.

[Difor samlast vi i Guds namn, i namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgjevaren.]

Her kan ein sei noko meir om nattverden i den aktuelle situasjonen.

2 | Lovprising

L | Gud er her.

A reiser seg | **Guds ande er blant oss.**

L | Lyft dykkar hjarte.

A | **Vi lyfter våre hjarte til Gud.**

L | Lat oss takke Gud.

A | **Det er verdig og rett.**

Sanctus eller ein annan lovsong kan følgje her.

3 | Nattverdbøn

ML/L | Vi takkar deg, Gud, for din kjærleik til oss.

Du kom nær i Jesus Kristus då du vart fødd av Maria.

Du toler det i oss som vi sjølv ikkje held ut.

Du ber det vi sjølv ikkje greier å bere.

L | Send no din ande,
så brødet og vinen kan bli Jesu kropp og blod, som styrkjer oss,
viser vår verdigheit og gjer oss heile.

4 | Innstiftingsorda – Verba

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!
Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:
Drikk alle av det!
Dette beger er den nye pakt i mitt blod,
som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.
Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | **Fadervår**

Blir sagt fram eller sunge

ML | Gud, i vona om din rettferd ber vi den bønå Jesus lærte oss:

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

6 | **Invitasjon/utdeling**

L | Kom for alt er gjort ferdig

ENTEN

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

ELLER

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

ELLER

Dette er Kristi kropp/Dette er Kristi blod

7 | **Tilseiing**

L | Vi har tatt imot Jesus Kristus. Fred vere med oss alle.

Nattverdelementa blir dekte til.

8 | **Takkebøn**

L | Lat oss takke og be:

ML/L | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid:

A | **Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte,**
å sjå den nauda du har sett,
og å elska nesten vår som oss sjøve. Amen

Alternativ 2 – (leir/festival)

1 | Innleiing

ML/L | På bordet står brød og vin. No skal vi feire nattverd.

Her kan det seiast noko meir om nattverden i den aktuelle situasjonen.

2 | Lovprising

L | Lat oss lovprise Gud.

Menigheten reiser seg.

Sanctus eller ein annan lovsong følgjer her.

3 | Nattverdbøn

ML/L | Gode Gud, du har skapt oss og gir liv til alt som lever.

Du sende Jesus. Han viser din kjærleik til alle menneske og frir oss frå dødens makt.

L | Vi ber deg: Send din Ande over oss og desse gåvene,
så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

4 | Innstiftingsorda – Verba

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!
Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:
Drikk alle av det!
Dette beger er den nye pakt i mitt blod,
som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.
Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | **Fadervår**

Blir sagt fram eller sunge

ML | Saman med alle Guds born ber vi den bønå Jesus lærte oss:

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

6 | **Invitasjon/utdeling**

L | Kom for alt er gjort ferdig

ENTEN

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

ELLER

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

Under nattverdutdelinga er det gjerne også bønnevandring og moglegheit for lystenning.

7 | **Tilseiing**

L | Vi har tatt imot Jesus Kristus. Fred vere med oss alle.

Nattverdelementa blir dekte til.

8 | **Takkebøn**

L | Lat oss takke og be:

ML/L | Gode Gud, (takke for at du ser våre lys og høyrer våre bønner.)
Takk for nattverdens brød og vin.

Lær oss å gi din kjærleik vidare til alle vi møter.
Gå med oss når vi dreg kvar vår veg.
Bli hos oss med din nåde og godheit.
Gud, vi ber.

A | **Amen**

Alternativ 3 – (institusjon)

1 | Innleiing

Her kan ein sei noko meir om nattverden i den aktuelle situasjonen, gjerne med innleiinga frå alternativ 1. (morgon/kveld).

2 | Lovprising

Blir sagt fram eller sunge

L | Herren vere med dykk.

A | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

A | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

A | **Det er verdig og rett.**

Sanctus eller ein annan lovsong kan følgje her.

3 | Nattverdbøn

ML/L | Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn.

Du opnar di hand og mettar alt som lever med det gode.

Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar

og for din kjærleik som er sterkare enn døden.

L | Vi ber deg: Send din Ande over oss og gåvene dine,
så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

4 | Innstiftingsorda – Verba

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!
Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:
Drikk alle av det!

Dette beger er den nye pakt i mitt blod,
som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.
Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | **Fadervår**

Blir sagt fram eller sunge

ML | Lat oss saman be den bøna Jesus lærte oss:

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Ein kan også bruke [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

6 | **Invitasjon/utdeling**

L | Kom for alt er gjort ferdig

ENTEN

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

ELLER

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

7 | **Tilseiing**

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss
sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.
Han styrkje oss og halde oss oppe i ein sann tru til det evige liv.
Fred vere med dykk.

Nattverdelementa blir dekte til.

8 | **Takkebøn**

Blir sagt fram eller sunge

L | Lat oss takke og be:

ML/L | Vi takkar deg, nådige Gud, for dine velsigna gåver.
Vi bed at du ved desse gåvene vil halde oss fast i trua på deg,
sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet,
for Son din, Jesus Kristus, vår Herres skuld. Amen

Alternativ 4 – (call & response)

Denne ordninga byggjer på «Gudsteneste for alle. Byggeklossar for en papirløs gudstjeneste». Tegn til tale for dei liturgiske ledda (med unntak av tilsiinga) finst på side 153 – 170 i boka.

1 | Innleiing

Her kan ein sei noko meir om nattverden i den aktuelle situasjonen.

2 | Lovprising

L | Lat oss lovprisa Gud.

A | **Lat oss lovprisa Gud.**

L | Takk og ære høyrer Gud til, i all æve.

A | **Takk og ære høyrer Gud til, i all æve.**

Sanctus eller ein annan lovsong kan følgje her.

3 | Nattverdbøn

ML/L | Vi lovsyng deg, Gud, vår skapar.

A | **Vi lovsyng deg, Gud, vår skapar.**

ML/L | Du omgjev oss med kjærleik.

A | **Du omgjev oss med kjærleik.**

ML/L | Takk for frelsa i Jesus Kristus.

A | **Takk for frelsa i Jesus Kristus.**

L | Vi ber deg: Send din Ande over oss og dine gåver.

A | **Vi ber deg: Send din Ande over oss og dine gåver.**

4 | Innstiftingsorda – Verba

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!

Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.

Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:

Drikk alle av det!

Dette beger er den nye pakt i mitt blod,

som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.

Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | Fadervår

ML/L | Vår Far i himmelen!

A | **Vår Far i himmelen!**

ML/L | Lat namnet ditt helgast.

A | **Lat namnet ditt helgast.**

ML/L | Lat riket ditt koma.

A | **Lat riket ditt koma.**

ML/L | Lat viljen din råda på jorda

A | **Lat viljen din råda på jorda**

ML/L | slik som i himmelen.

A | **slik som i himmelen.**

ML/L | Gjev oss i dag vårt daglege brød,

A | **Gjev oss i dag vårt daglege brød,**

ML/L | og tilgjev oss vår skuld,

A | **og tilgjev oss vår skuld,**

ML/L | slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

A | **slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**

ML/L | Og lat oss ikkje koma i freisting,

A | **Og lat oss ikkje koma i freisting,**

ML/L | men frels oss frå det vonde.

A | **men frels oss frå det vonde.**

ML/L | For riket er ditt

A | **For riket er ditt**

ML/L | og makta og æra

A | **og makta og æra**

ML/L | i all æve.

A | **i all æve.**

ML/L | Amen.

A | **Amen.**

6 | Invitasjon/utdeling

L | Kom for alt er gjort ferdig

ENTEN

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

ELLER

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

7 | Tilseiing

L | Vi har teke imot Jesus Kristus.

A | **Vi har teke imot Jesus Kristus.**

L | Fred vere med oss alle.

A | **Fred vere med oss alle.**

8 | Takkebønn

ML/L | Vi takkar deg, for dine gode gåver.

A | **Vi takkar deg, for dine gode gåver.**

ML/L | Hald oss fast i trua på deg.

A | **Hald oss fast i trua på deg.**

ML/L | Samein oss i din kjærleik.

A | **Samein oss i din kjærleik.**

ML/L | Gjev oss håp om evig liv,

A | **Gjev oss håp om evig liv,**

ML/L | for Jesu Kristi skuld

A | **for Jesu Kristi skuld**

ML/L | Amen

A | **Amen**

II. Nattverdbønn – struktur

I arbeidet med å utforma eigne nattverdbøner, kan det ein nytta element frå nattverdbøner i høgmessa, nattverdbøner som er ferdig utskrivne i del I av denne ordninga, eller andre kjelder.

Nattverdbøna skal utformast i tråd med Rettleiing for nattverdbøner utanfor hovudgudstenesta.

Ledd i kursiv kan utelatast.

1 | Innleiing

Her kan den som leier nattverden seia to-tre setningar om kva nattverd er og relatere til den aktuelle samanhengen.

2 | Lovprising

Lovprisinga kan vera eit eige ledd, f.eks. sanctus eller ein lovsong. Innleiinga til lovprisinga bør vere ein dialog eller tiltale der forsamlinga vert invitert til lovprising, eller ei setning som innleier lovprisinga i nattverdbøna.

3 | Nattverdbønn

Nattverdbøna skal innehalda:

- Lovprising av Gud
- Takk for Guds handling i Jesus
- Påkalling av Den heilage ande

4 | Innstiftingsorda – Verba

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!
Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:
Drikk alle av det!
Dette beger er den nye pakt i mitt blod,
som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.
Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | *Mysteriet i trua*

Her kan Truens mysterium syngast eller seiast:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**
Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

6 | Fadervår

Ein innleier Fadervår med ei bøn som set Fadervår inn i nattverdssamanhengen og/eller ei oppmoding om å delta i bøna. Fadervår blir sagt fram eller sunge.

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.

**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.**

7 | *Fredshelsing – Pax*

Her kan følgja:

L | Guds fred vere med dykk.

M | **Guds fred vere med deg.**

Ein kan føya til:

L/ML | Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og seier «Guds fred» eller liknande ord.

8 | *Brødsbryting*

Her kan følgja:

L | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.

Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp.

9 | *Du Guds Lam – Agnus Dei*

Det er valfritt å nytta Agnus Dei, men å syngja noko kjent kan bidra til deltaking og gjenkjenning.

10 | *Invitasjon/utdeling*

Her kan liturgen velja både invitasjonsord og utdelingsord.

Invitasjon kan vera:

Kom for alt er gjort ferdig

Utdelingsord kan vera anten:

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

Eller:

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

11 | *Tilseiing*

Tileiingsorda seier noko om kva mottakarane av nattverden nettopp har motteke.

12 | *Takkebønn*

Takkebøna skal innehalda:

- Takk for nattverden
- Oppmoding til solidaritet med og handling i verda

Takkebøna blir sagt fram eller sunge.